

# MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 2 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Breva kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Tema for dette nummeret er landbruk og mattryggleik i vår eigen del av verda, Norden. Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

## OM NORDISK LANDBRUK

	2000	2022
Danmark	4,3	4,1
Finland	4,2	4,1
Island	4,6	3,2
Norge	2	1,5
Sverige	2,9	2,4

Tabell 1. Dyrka jord per innbyggjar, da

	2000	2022
Danmark	1908	1218,3
Finland	264,1	282,7
Island	0	0
Norge	0,4	0,9
Sverige	1453,8	1085,6

Tabell 5. Korneksport, tusen tonn

Kjelder: FAO Yearbook 2024; Statista

### DET TALA IKKJE FORTEL

Vekstjord kan gi ei eller to eller tre avlingar, og av ulik storleik. Difor er dyrka jord ikkje eit godt mål på landbrukspotensial, men likevel truleg det beste me har. Verdssnittet er 1,8 da per innbyggjar. Danmark og Finland har mykje meir, Island også, men ikkje jord som eignar seg for korndyrking, Sverige ligg bra an, og Norge har mindre enn gjennomsnittet. Felles for landa er at det blir mindre og mindre dyrka jord per innbyggjar. Innbyggjartalet veks i dei fleste land, men dyrka jord blir brakklagd eller nedbygd.

Tal for sysselsette gjeld primærnæringane totalt. Danmark, som har den største produksjonen, har så å seie ikkje skogbruk og lite fiske og difor ein låg prosent. I Island betyr fisket mykje. Alle landa har hatt sterk nedgang i sysselsette på 2000-talet.

Talet på gardar i drift har like eins gått mykje ned dei siste åra. Det gjeld i alle dei nordiske landa, og mest i Norge og Island med halvering på 22 år.

Danmark og Sverige eksporterer mykje korn, og Finland litt. Frå år 2000 til 2022 har korneksporten frå Danmark gått ned med 36 % og i Sverige med 25 %, Norge importerer rundt halvdelen av vårt korn til menneske- og dyremat, Island alt sitt.

	2000	2022
Danmark	3,7	2,1
Finland	6,2	3,8
Island	8,7	4,1
Norge	4,3	2,2
Sverige	2,9	1,9

Tabell 2. Sysselsette i primærnæringar i prosent av samla tal sysselsette

	Gardar i drift
Danmark	29 554
Finland	43.000
Island	2000
Norge	37306
Sverige	72 000

Tabell 3: Driftseiningar i landbruket ca. 2020

	2000	2022
Danmark	152,5	114,7
Finland	108,1	49,6
Island	164,4	126
Norge	218,3	205,1
Sverige	108,6	102,5

Tabell 4 Kunstgjødsel per ha, kg

Island og Norge eksporterer mykje fisk. Noko over halvdelen av den norske og det aller meste av Islands fisk er havfisk.

### NÅR KRISER IKKJE RAMMAR OSS DIREKTE

Dei nordiske landa har svært ulik tilgang på matressursar.

Danmark er det landet i Europa som er mest oppdyrka og har (etter den økologiske revolusjonen på 1700-talet) rikeleg med vekstjord og gunstig klima for matproduksjon. Dei driv mykje eksportlandbruk og med den driftsmåten som ligg næraast agroindustri. Føresett tilgang på innsatsfaktorar som maskinar, kunstgjødsel, sproytmeddel og arbeidskraft vil dei produsere eit vesentleg matoverskot. Det gjeld både korn som kveite og mais, konsummjølk og mjølkeprodukt og kjøt. Det monokulturelle, mekaniserte og stor-driftsprega danske landbruket er likevel sårbart for kriser. Dei har så å seie ikkje det vernet mot naturkriser som skog og avstandar utgjer i Norge, Sverige og Finland.

Finland har, med vonde erfaringar frå frikonkurransetida tom. 1. verdskrig og med Sovjet/Russland som nær granne frå 1920-åra og frametter, satsa mykje på allsidig landbruk og er utan tvil det nordiske landet som er best førebudd på ei krise. Dei har vesentleg fleire i landbruket enn grannelanda i vest og eit landbruk som er meir varsaamt modernisert. Oppgitt sjølvforsyningss prosent er 80.

Island er frå naturen eit under middeles landbruksland og eit land med rike fiskeressursar. Dei er avhengige av nesten 100 % kornimport.

Norge er eit rikt fiskeland, eit land med mykje beiteressursar og relativt ferske tradisjonar for å nytte desse ressursane i matproduksjon. Norge

har lite dyrka jord og lite jord eigna for korn. Mykje av både mjølke- og kjøtproduksjonen og aller mest fiskeoppdrett er basert på oversjøisk korn, såleis soya frå Sør-Amerika. Sjølvforsyningss prosenten er under 40.

Sverige har i etterkrigstida avvikla mykje av sitt tradisjonelle landbruk og erstatta det dels med import og dels med stordrift. Sverige er i dag eit nokså sårbart land mot naturkriser, kanskje også mot krigshandlingar. Oppgitt sjølvforsyningss prosent er 50. Dei har, liksom Finland og Norge, rikeleg med utmarker med beite, men det er nesten slutt med husdyrbeiting utanfor inn- gjerde område.

Viss ei krise primært rammar andre delar av verda og produksjon og transport innanfor og mellom dei nordiske landa framleis fungerer, vil ein beredskapsunion vere tenleg. Korn kan seljast frå Sverige, Danmark og Finland til Norge og Island, eller bytast i fisk. Kjøt kan seljast nordover frå Danmark, og svensk, finsk og dansk motor- og traktorproduksjon kan bidra med reservedelar og utstyr. Eit døme var første verdskrig. Hadde landa då hatt fungerande handelsordningar seg imellom, kunne noko av svolten då ha vore unngått.

Også viss ei krise rammar somme av landa og ikkje alle, kan varebyte eller masseflukt til granneland vere ei løysing. Eit døme er svolten i Sverige og Finland sist på 1860-talet, då både svenskar og finnar drog til Nord-Norge, som hadde hav med fisk i og ikkje var like hardt ramma av kaldvær. Kysten utgjorde altså eit vekstpotensial for matproduksjon.

Fire spørsmål må vurderast, vilje til å handle eller bytte varer, høvet til transport frå produksjonsstad til forbrukar, lagring av maten og vekstpotensial for matproduksjon. Norge og Island kan ta opp meir fisk, men om trålarar og fabrikkskip ikkje får drivstoff og delar eller ikkje kan gå ut pga. blokade eller krigshandlingar, er mange småbåtar og mange fiskemottak eit beredskapstiltak. Sverige, Danmark og Finland kan produsere meir korn føresett tilgang på arbeidsfolk, maskinar, trekk-kraft, kunstgjødsel, sprøytemiddel og såkorn. Om ein eller fleire av desse faktorane sviktar, vil produksjonen i staden gå ned.

## NÅR KRISER RAMMAR OSS DIREKTE

Ein storkrig vil truleg ramme alle eller ingen av dei nordiske landa.

Napoleonskrigane ramma alle, om på svært ulikt vis. Berre Sverige lykkast i å oppretthalde nøytralitet under andre verdskrig. Ei klimaendring pga. vulkanutbrot, oppvarming, tsunami eller solflekker vil truleg også anten ramme heile Norden eller ikkje noko av Norden. Det same gjeld smittesjukdommar på planter, dyr eller menneske, som spanskesjuka eller fugleinfluensa.

Om noko av dette skjer, vil delar av matproduksjonen dette saman. Ikkje i noko nordisk land blir det råd å få nok og rette slag kunstgjødsel, medisin, drivstoff, delar til mjølkemaskin, traktor og lastebil. Elektrisiteten kan svikte, transport over store avstandar blir uråd, vatn kjem ikkje i springen og/eller alt digitalt bryt saman. I ein slik situasjon vil truleg ikkje noko land ha overskot til å selje eller gi mat til granneland, eller transport over landegrenser er uråd. I så fall er det altså tvilsamt om ein nordisk beredskapsunion er til særleg hjelp.

## KONKLUSJON

Nordisk samarbeid om mattilgang i krisetider er eit av fleire tiltak i ein totalberedskap, men landa må også førebu seg på situasjonar der det ikkje fungerer.

# MATEN – DET SVAKASTE LEDDET

10. januar i år la regjeringa Støre fram Stortingsmelding 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen* med undertittel *Føreheldt på kriser og krig*. Ein hovudtanke i det omfattande dokumentet er at det sivile og det militære samfunnet må samordnast betre, slik at det kan fungere i krigs- og krisetider. Men utan mat og drikke vil det ikkje gå slik. Berre eit par av dei 138 sidene i dokumentet handlar om matforsyning, og tiltaka er vage.

### KVA KAN SKJE?

- Norge eller delar av Norge blir okkupert av ei stormakt som er utan interesse for befolkninga i det okkuperte landet.
- Norge blir slagmark i ein konflikt mellom stormakter.
- Varetransport over verdshava blir uråd. Innførsel av matkorn frå Frankrike, soya til dyre- og fiskefôr frå Brasil, medisinar frå Tyskland og maskinar og reservedelar frå asiatiske land blir uråd.
- Klimautsleppa fører til vesentleg meir ekstremvær og rammar til dømes kornproduksjon.
- Eit stort vulkanutbrot, som med Lakigigar på Island i 1783 og Hekla

i 1693, blir følgt først av oppvarming og dinest av ein ny kuldeperiode i fleire år.

- Ein pandemi rammar folk, husdyr eller planter og set matproduksjonen attende.
- Global økonomi blir endra og overskotsland vel å prioritere eksport til land med størst behov.

Kulepunkt kan fleirdoblast, men lista er lang nok til å vise at me lever i ei meir ustabil tid enn nokosinne etter andre verdskrig. Gjennom historia har nedgangstider og samanbrot kome i ulike land på grunn av enkeltfaktorar. Sumer mellom Eufrat og Tigris med korndyrking, skrifteikn på leirtavler og skipsfart vart ramma av forsaling når salt havvatn trengde opp i åkrane, Romarriket av konfliktar og økonomiske problem, Mayariket truleg av klimaendring med langvarig tørke, den norrøne busetnaden på Grønland truleg av matmangel, sjukdommar og fiendar, og Island var nær ved samanbrot i seinmellomalderen fordi dei hadde nytta beita for hardt og rasert skogen som vokste der før den norrøne innvandringa.

Det som gjer situasjonen ekstra risi-

kabel no, er at det handlar om mange forhold samtidig, oppvarming, svekt naturmangfold, tilrettelegging for sjukdomsspreiing med rask transport verda over av varer og folk, hardare kamp om naturressursar, og nye våpen, også atomvåpen.

### UNDER ANDRE VERDSKRIG

Dersom landet blir ramma av naturkriser eller krig og befolkninga ikkje har tilstrekkeleg mat, vil neppe motstandsarbeid og gjenoppbygging fungere. Difor må dette svakaste ledet i beredskapskjeda, mattilgangen, takast på alvor i totalberedskapen.

Under andre verdskrig hadde Norge 3 millionar innbyggjarar, vel 200.000 gardsbruk i drift og omrent like mange personlege brukarar (1939-tal). I tillegg til eiga befolkning heldt på det meste 400.000 tyske militære med 100,000 austeuropeske krigsfangar/ tvangsarbeidarar til her.

Dei mange gardsbruka gjorde at svolt i hovudsak vart unngått i landet. 195.000 bruk hadde ku eller kyr, 116.000 hadde ein eller fleire hestar, 97.000 bruk hadde svin, 144.000 korn og 200.000 bruk poteter. Dette gjorde det også lettare enn i mange land å

bygge opp innanlandsk motstandsarbeid og hindre framgang for okkupanten. Eller sett i eit større perspektiv: Det at Norge var i stand til å oppretthalde ei akseptabel matforsyning i fem krigsår, gjorde at Wehrmacht måtte ha fleire soldatar her, 350-400.000, og svekte difor Hitlers jag etter verdsherredømmene.

I krigsåra budde nokså nøyaktig halve befolkninga i byar og tettstader. For å få mat og vere unna farlege situasjonar drog mange frå by til bygd. Mange bygdefamiliar gav opphald til barn frå byar. Det vart ikkje halde folketeljingar desse åra, men det er grunn til å tru at bygdebusetnaden auka noko.

Hagedyrking og husdyrhald i det små tok seg opp. Folk i eigne hus brukte tomta til poteter, gulrot og kål, og garasjegrisear og -geiter vart begrep. Folk i bustadblokker leigde seg ein jordlapp til poteter. Meir enn både før og etter brukte folk fritid til å dra til jordbruksbygder og kjøpe seg mat, eller dei drog på jakt eller fiske. Ein stor del av den tids bybuarar var også første generasjon i byane og hadde kunnskapar om jordbruk, husdyrhald og lagring og behandling av mat. Bustadhus flest var bygde med kjellar og sjølvsagt vedomnar, eller dei grov seg jordkjellar på tomta. Slike ordningar gjorde at det ikkje vart massesvolt i Norge, som til dømes i det meir industrialiserte Nederland.

## No-SITUASJONEN

No har Norge 37.000 gardsbruk i drift, men 5.4 millionar innbyggjarar. 6200 bruk har kyr, under 1500 har svin, vel 1000 poteter og færre enn 10.000 korn og oljevekstar. Fire av fem gardar er altså borte, og dei attverande er spesialiserte og avhengige av innsatsfaktorar utanfrå, fôrmiddel til dyr, kunstgjødsel og sprotytemiddel for å halde oppe avlingsnivået, drivstoff og reservedelar til traktor og skurtreskar, medisinar til dyr, elektrisitet til fyring, nedfrysing av mat, ventilasjonsanlegg i fjøs, drift av nyare bilar, pumping av vatn, opning av dørar, fylling av drivstoff og vekktransport av kloakk.

Men kan me ikkje i ein krigs- eller krisesituasjon importere mat frå granne land, pengesterke som me er? Same om me førebur oss på ein invasjon eller på ei naturkrise, må me rekne som sannsynleg at eit større område blir ramma. Utbrotet av vulkanen Lakigigar på Island i 1783 ramma store delar av

Europa og blir av dagens historikarar rekna blant årsakene både til opprør i Egypt og revolusjon i Frankrike nokre år etterpå. Andre verdskrig vart ein nesten global krig, og mange europeiske land vart ramma av hunger. Spankesjuka og korona vart universelle, og fuglefluensa spreier seg med villfuglar verda over og kan i verste fall gå over til å bli ein menneskesjukdom.

Mest robuste mot svolt er land der ein stor del av befolkninga er sysselsette med matproduksjon og naturressursane demokratisk fordelte. Norge, Sverige og Finland var langt på veg slike land under andre verdskrig. Mange av innbyggjarane var gardbrukarar, ofte i kombinasjon med andre yrke, mykje av matproduksjonen var manuell og lite avhengig av maskinar, mange hadde

samtidig den mest industrialiserte og det mest sårbarle matproduksjonen av desse landa.

Men me har overflod av fisk? I samanhend med jordbruksoppgeret i 2021 vart dåverande statsminister Erna Solberg spurt i Stortinget om ho var uroa over matberedskapen i Norge. Ho svara med å harsellere: «*Vi har litt dårlig sukkerproduksjon i Norge. Vi må kanskje klare oss uten sukkertøy og smågodt i en periode i en krise, men vi har utrolig mye fisk.*» Tilgang til oppdrettsfisken i merdene krev høve til lagring, til bearbeiding og transport, altså fungerande tilforsel av drivstoff og elektrisitet, vegen som kan nyttast, mellomlager og lastebilar og båtar i drift. I ein krig kan delar av landet vere okkuperte og avsperra frå resten. I korona-tida vart grensa mot Sverige stengd og «soring-karantene» innført i ein periode. Ei større naturkatastrofe kan ramme samferdsela.

## LÆRDOMMAR

1. Risikoene for hendingar som rammar mange land eller heile kloden gjer at enkeltland må ha rett og plikt til å sikre eiga befolkning mat og andre basisvarer. Retten til mat er ein menneskerett, stadfest i artikkel 25 i Menneretttsfråsega. Difor er det å sikre nok og trygg mat også ei **plikt** for lands styremakter. Det inneber at desse varene må unntakast frå globale frihandelsordningar.
2. Vår beredskap av mat, medisinar og andre basisvarer må ikkje berre vere nordisk eller nasjonal, men så langt råd også regional og lokal.
3. Det å oppretthalde og bygge ut matproduksjon i alle delar av landet, så langt råd basert på lokale ressursar og uavhengig av innsatsfaktorar utanfrå, må vere hovudmetoden. Det inneber til dømes potetland og potetkjellar på hustomter, vedomnar i bustadhus, fleire vasskjelder og kunnskapar om matproduksjon og -bearbeiding inn i skuleverk og vakenopplæring.
4. For å styrke totalberedskapen og gjere innbyggjarane i stand til å fungere i ein krigs- eller krisesituasjon er det nødvendig å gripe tak i dei svakaste ledda. Det monnar lite med moderne kampfly og fregattar der som befolkninga ikkje har tryggleik for mat og vatn.



hest som trekk-kraft, og landet hadde ledig utmarksjord som kunne nyttast til matproduksjon. Slik er det ikkje i dag. Som vist i annan artikkel i dette bladet, har landbruket vorte spesialisert, med få, store og sårbare gardar og mellom 1 og 4 % av dei sysselsette i landbruk. Medan det i krigsåra i Norge var ein gard per 15 innbyggjarar, er det no ein per 160.

Nedtrapping av matproduksjonen har skjedd i heile den vestlege verda. Norge har ei sjølvforsyning av mat målt på kaloribasis på rundt 40 %, Sverige på 50 % og Finland 80 %. Danmark eksporterer vesentlege mengder landbasert mat, men landet har

# Brottet var hunger — Seskarö 1917

Svottopprøret på Seskarö i Norrland i 1917 er eit larestykke i korleis det kan gå når styresmakter ikkje tek folks mattryggleik på alvor.

Krigsåra 1916 og 1917 var därlege vekstår i stordelen av Sverige. Problema vart forsterka av vanskar med å få fatt i kunstgjødsel, som hadde kome i vanleg bruk i år føre-åt. Sommarfrost gjorde at potetavlingane svikta mangstad.

I mange svenske byar og landsbyar var det demonstrasjonar og nærmast gatesslag mellom demonstrantar og politi. Ifølgje historikaren Hans Nyström rapporterte samtidssaviser om 146 hungerdemonstrasjonar med over 300.000 deltagarar.

Som i mange land var det slik at dei med pengar og kontaktar kunne supplere den sparsame, rasjonerte maten med handel på *Svarta börsen*. Misnøya med den konservative regjeringa Hjalmar Hammarskjöld (statsminister 1914–1917 og far til seinare generalsekretær i FN Dag Hammarskjöld) voks. På folkemunne vart statsleiaren kalla Hungerskjöld. I mars 1917 trekte han seg, og landet fekk ei ny konservativ regjering og seinare ei

samlingsregjering. Dei styrande innsåg at konsesjonar var nødvendige om dei skulle unngå revolusjon som i Russland og kanskje Finland, og lovnader om åtte timars dag og allmenn stemmerett kom.

Den vesle øya Seskarö lengst nord i Sverige i skjergarden sør for Haparanda, med berre ei elv over til den finske byen Torneå i nord, vart ei brikke i dette spelet. Seskarö hadde den tid 2900 fastbuande og mange sesongarbeidrarar. Dei fleste kom frå Norrland og Nord-Finland. Sagbruk var den viktigaste arbeidsplassen.. I 1917 svalt mange. Isen låg framleis i Bottenviken dei siste mai-dagane. Vår-isen hindra båtar i å kome til øya, men var usikker å gå på. Arbeidarane kravde jernbanefrakta poteter til Haparanda og isbrytar til øya, slik at båtar med mjøl og poteter kunne nå dei, men vart ikkje høyrd.

Kvar morgon gjekk 600 sagbruksarbeidrarar svoltne på arbeid og kom heim att om kveldane endå svoltnare. Dei to bakarane på øya hadde mjøl og baka brød, men heldt det attende fordi prisane ville stige om svolten vart større. - På brødkorta er ingen ting å få, poteter har ikkje funnest på fleire månader, og smør finst sjeldan, skreiv ein medarbeidar i *Haparandabladet*.

På stormøte på Folkets Hus vedtok arbeidarane å ta seg til rette. Dei skulle legge att full pris for brødet, og ingen skulle få meir enn andre. 25. mai henta dei ut 186 tokilos pakker med brød og la att 119 kroner og 75 øre og eit papir om kva dei hadde gjort, med underskrifter. For at ingen skulle stå øvst på lista og difor kunne straffast framfor andre, skreiv dei namna sine i ein sir-

kel. Den kvelden fekk mange ete seg mette.

Lensmannen tok seg ut til øya og tok mistenkete til avhøyr ein og ein. Dette var å plukke ut syndebukkar, innvende arbeidarane.

Lensmann og kronofogd svara med å rekvere militæret frå Haparanda og rydde sjøvegen med isbrytar. Men soldatane sympatiserte med arbeidarane. Den første militærgruppa gav frå seg våpena. I neste omgang vart 500 militære utanfrå, med maskingevar og kanon, landsette. Utanfor ankra eit marineskip med kanonar retta mot øya.

Øyfolket var opprørt over at styresmaktene ikkje ville bryte isen for å frakte livsnødvendig mat til øya, men derimot for å slå ned dei som kravde sin rett.

Etter tre dagar militær okkupasjon tok landshøvding Walter Murray hand om konflikten på ein smidigare måte. Murray kom til øya med ein båt lasta med smør, kaffi, korn og tørrmjølk, og det roa seg. Eit titals Seskarö-buarar vart plukka ut og dømde til straffarbeid i to til fem månader.

I dag har Seskarö bru til fastlandet. Berre rundt 500 menneske bur der, og frå denne hausten blir skuleungane sende vekk. Men minna om hungeropprøret i 1917 er framleis ein del av øyfolkets felles minne. «Brottet var hunger», står det på minnesteinen for hungeropprøret. Den vart reist 50 år etter opprøret.



INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025

Leiar Stein Brubæk, e-post  
stein359@gmail.com

Jens Erik Furulund, e-post jense-rik.furulund@gmail.com

Heidi Hogset e-post Heidi.Hog-  
set@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post au-  
dun.e.tvedten@gmail.com

Olav Randen, e-post boksmia@  
online.no